

HISTO
RIKAR
VERK
SEMDA



Kulturminnedokumentasjon

Fana, gnr. 40, bnr. 354, Sætervegen.

Innhold

1. Innleiing	3
2. Områdets historie	4
3. Bygningsmiljø	5
3.1 Sætervegen 12D	5
4. Andre typar kulturminne	7
5. Foto og kart	8
6. Avslutning	41
7. Litteratur og kjelder	42

Juni 2019

PROSJEKT: Fana, gnr. 40, bnr. 354 mfl., Sætervegen

FORSLAGSSTILLAR: WEBU 2 AS

PLANKONSULENT: TAG arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Ingrid Myrstad, faghistorikar

KONTAKT: ingrid@historikarverksemda.no | +47 986 13 006

1. Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med utarbeiding av reguleringsplanen Fana, gnr. 40, bnr. 354 mfl., Sætervegen i Bergen kommune (arealplan-id 66320000). Rapporten er laga på oppdrag frå tiltakshavar WEBU 2 AS som i samarbeid med TAG arkitekter AS har sett i gang nyregulering av planområdet.

Planområdet ligg sentralt på Skjold i Fana bydel og består hovudsakleg av eigedommane gnr. 40, bnr. 354 og 1826 og deler av bnr. 379. I tillegg er ein strekning av vegen Hjortevegen tatt med i planen, og ein avstikkar mot sør der det skal vurderast ein offentleg gangsti mellom Hjortevegen og Sætervegen.

Planområdet ligg i eit etablert bustadområde som hovudsakleg består av hus frå 1950-åra og grenser stort sett til ein- og fleirmannsbustadar frå dette tiåret, i tillegg til eitt par nyleg oppsette bustadhus. Innanfor planområdet står ein einebustad frå 1954 med tilhøyrande garasje, terrasse- og hageanlegg.

Formålet med nyreguleringa er å legge til rette for høgare utnyttingsgrad innanfor planområdet i form av rekkehus. Det er planlagt 8 eininger fordelt på to bygg på 2–3 etasjar på eigedommane bnr. 354 og 1826. Planen inneber riving av bustadhuset Sætervegen 12D og fjerning av tilhøyrande garasje og endring av hageanlegg.

Denne dokumentasjonen er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder, mellom anna tinglyst materiale, kart, teikningar, fotografi, samt samtale med bebuarar og observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Ingrid Myrstad frå Historikarverksemda 17. april 2019. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.

2. Områdets historie

Planområdet tilhørde fram til 1860-åra gamalt av utmarka til garden Skjold – ein av dei eldste gardane i området. Tuna på garden låg nord for Fanavegen, i bakkane på austsida av Nordåselva og på flatane nedanfor. I 1939 blei det funnen ein gravhaug frå eldre jernalder i innmarka som kan tyde på at garden blei tatt opp i løpet av dei første hundreåra av vår tidsrekning.

I mellomalderen låg Skjold under Nonneseter kloster i Bergen. I 1528 blei garden gitt til Vincent Lunge av kongen, og Lunge-ætta hadde Skjold fram til 1680. Skjold skifta så hender ei rekke gonger før den blei seld til bønder i Fana i 1714.

På 1500-talet ser det ut til at garden var delt i tre bruk. Fram til tidleg på 1800-talet auka talet på brukarar til fem. Frå då av blei det rydda og utskilt fleire husmannsplassar, i tillegg til at det gjekk for seg ei deling av dei største hovudbruken. I 1890-åra var det 10 bruk på Skjold.

Utmarka på garden var felles fram til utskiftinga i 1860-åra. Den delen av utmarka som planområdet tilhører blei då lagt under bruk 7 – eit av dei tre eldste brukena på garden. Det var godt med skog i utmarka på Skjold. Brukarane var lenge sjølvberga med ved, og selde trekol og ved i Bergen.

Etter at Osbanen opna i 1895 med stasjon på Skjold, blei det attraktivt med bustadbygging på garden og fleire av brukarane under Skjold tok til å selje parsellar til bustadhus. Det var mest tomter til villaar og einebustadar som blei skilt ut. Utparsellereringa førte til ei jamn auke i folketalet på Skjold utover 1900-talet, men området beholdt sitt landlege preg fram til midten av hundreåret – det var først etter krigen at utbygginga tok til for alvor. Fram til då hadde utbygginga vore prega av enkelthus, men frå slutten av 1940-åra blei det laga større reguléringsplanar og område for område blei utbygd. Folketalet auka kraftig, og i 1960-åra var Skjold eit av dei største vekstområda i Fana.

Samstundes med bustadutbygginga blei gardsdrifta på Skjold gradvis avvikla og alle brukene er i dag nedlagde.

3. Bygningsmiljø

Planområdet ligg i eit bustadfelt bygd ut i 1950- og 1960-åra. Bustadfeltet består hovudsakleg av einebustadar, rekkehus og fleirmannsbustadar frå denne tida – for det meste variasjonar av dei funksjonalistiske typehusa som dominerte den norske bustadarkitekturen på den tida. Bygningsmiljøet rundt planområdet har også innslag av nokre nyare bustadbygg. Tilgrensande til planområdet er det stort sett hus frå 1950-åra, dei fleste av dei kraftig ombygd, men også nyare hus. Spesielt det siste tiåret har det foregått ei fortetting i området, men bustadfeltet er framleis karakterisert av prega av open, villamessig busetnad med store hageanlegg. Sjå figur 17–28.

Det nærmaste registrerte kulturminnet er Råheimstova som ligg eit stykke nordvest for planområdet. Stova er ei vedtaksfreda røykomnstove frå 1500-talet som blei flytta til Skjold i perioden 1951–1970 saman med ei rekke andre eldre hus. Det er elles ingen SEFRAK-registrerte bygningar i eller i nærleiken av planområdet.

3.1 Sætervegen 12D

Innanfor planområdet står det ein einebustad – Sætervegen 12D – med tilhøyrande garasje og hageanlegg. Sætervegen 12D er eit frittståande, toetasjes trehus på støypt mur med kjellar og kryploft. Tomta som huset står på blei skilt ut frå bnr. 7 i 1952 og fekk bruksnummer 354. Byggesøknaden blei behandla i 1954 og huset blei attestert ferdig i 1956.

Sætervegen 12D blei reist som ein nokså typisk variasjon av den funksjonalistiske småhusbusetnaden som prega samtidia – med rektangulær bygningskropp, saltak med ark mot sørvest og luftebalkong mot nordvest. Vindauga var tidstypiske tofags funkisvindauge, huset blei kledd med liggande panel og taket tekka med skifer. Mot nordaust fekk huset eit altantilbygg i ein etasje for tilkomst til hovudinngangen i første etasje. Teikningane av huset frå då det blei bygd er ikkje signert. Sjå figur 5–6 og 9–12 for detaljar.

Huset blei opphaveleg bygd som ein horisontaldelt tomannsbustad med ein leilegheit i kvar av hovudetasjane og ein hybel i kjellaren. Leilegheita i første etasje besto av to stover, eit soverom, kjøkken, bad, gang og entre. Leilegheita i andre etasje var nokså lik, men hadde to soverom i staden for to stover. Kjellaren besto av ved- og matbuer, vaskerom, tørke- og rullebu, ein hybel, toalett, forgang og gang. Sjå figur 13–15.

I 1994 fekk huset eit tilbygg mot sør aust, eit karnapp i første etasje som utvida kjøkkenet. Samstundes var det planlagt eit lite tilbygg mot nordaust som aldri blei gjennomført. Sjå figur

16. Truleg var det på same tida at huset blei bygd om til einmannsbustad. Andre etasje blei bygd om til tre soverom med tilhøyrande garderoberom og eitt stort bad. I første etasje blei veggen mellom soverommet og stova slått ned for å lage ei større vinkelstove, og kjøkkenet blei slått saman med den gamle spisestova.

Seinare har fasaden mot sørvest blitt endra – luftebalkongen i andre etasje er blitt utvida til ein større altan og det er kome til tre vindauge i andre etasje. Mot sørvest har det blitt sett inn eit stort vindauge ved terrassedøra. Huset er i dag tekka med teglstein og dei aller fleste vindauge i huset er bytta ut – sjå unntak figur 33. Det er få originale overflatar og detaljar igjen innvendig. Nokre av tregolva og noko av listverket er bevart saman med trappegelendra, men veggane er tapetsert eller panelt i seinare tid.

Hageanlegget tilhøyrande Sætervegen 12D husar ein terrasse med eit opent skjul sett opp i seinare tid, nokre tørrmurar og støypte murar, ein gamal brønn, ei støypt trapp og elles opparbeida hagemark og kratt.

Sjå figur 29–63 for detaljar.


I 1957 blei det sett opp ein dobbel garasje aust for huset i tørrmur, blokkstein og betong. Garasjen blei sett opp i forlenging av terrenget, og det har sidan blitt anlagt plen på taket. Sjå figur 64–69.

4. Andre typar kulturminne

Det er ingen synlege spor etter utmarksaktivitetane eller gardsdrifta som blei drive i området fram til midten av 1900-talet i eller i nærleiken av planområdet. Det er heller ikkje teikna inn nokon vegfar eller stiar i området på utskiftingkartet frå 1859. Sjå figur 7.

Av vegane som grensar til eller er med i planområdet blei Sætervegen og Hjortevegen anlagt i 1940- og 1950-åra i samband med utbygginga av bustadfeltet på staden. Den opphaveleg traseen til Osbanen som var i drift frå 1894 til 1935 går eit stykke nordvest for Osbanen. Den var ein smalspora bane, ein såkalla tertiærbane. Sjølve banemateriellet blei fjerna allereie i 1936, men traseen har blitt bevart som gang- og sykkelveg og er definert som eit viktig kulturminne.

5. Foto og kart



Figur 1. Kartutsnitt som viser planområdet. Alle bygningane med eigedomsgrenser er teikna inn. Sætervegen 12D markert med raud pil. Grunnlagskart henta fra bergenskart.no [lesedato 13.06.2019].



Figur 2. Ortofoto av planområdet avfotografert i 1951 med dagens bygninga teikna inn. Sætervegen 12D markert med raud pil. Henta frå bergenskart.no [lesedato 13.06.2019].



Figur 3. Ortofoto av planområdet avfotografert i 1970. Sætervegen 12D markert med raud pil. Henta fra bergenkart.no [lesedato 13.06.2019].



Figur 4. Ortofoto av planområdet avfotografert i 2016. Sætervegen 12D markert med raud pil. Henta fra bergenskart.no [lesedato 13.06.2019].




Figur 5. Utsnitt av flyfoto som viser deler av planområdet. Tatt 17. mai 1961. Skapt av Widerøe's Flyveselskap AS. Sætervegen 12D markert med raud pil. Henta fra UBB bildesamlingen <http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-017554.html> [lesedato 13.06.2019].




Figur 6. Utsnitt av flyfoto som viser deler av planområdet. Tatt 29. mai 1965. Skapt av Widerøe's Flyveselskap AS. Sætervegen 12D markert med raud pil. Henta fra UBB [bildesamlingen](http://marcus.uib.no/instance/photograph/ubb-w-f-149095.html) [lesedato 13.06.2019].




Figur 7. Utsnitt av utskiftingskartet over Skjold fra 1859 som viser plasseringa av planområdet i utmarka til garden (omtrent midt i utsnittet, midt mellom der «Kalvvandet» og «Igelvandet» er teikna inn, innanfor teigen som er merka med C). Henta fra kartarkivet til Nord- og Midhordaland jordskifterett.




Figur 8. Utsnitt av plankartet til reguleringsplanen Fana, Skjold, Gnr. 40, bnr. 7 og 428 vedtatt i 1956.
Sætervegen 12D er markert med raud pil.




Figur 9. Utsnitt av
originalteikningane til Sætervegen
12D frå 1954, fasade mot nordvest.




Figur 10. Utsnitt av
originalteikningane til Sætervegen
12D frå 1954, fasade mot sørøst.




Figur 11. Utsnitt av originalteikningane til Sætervegen 12D frå 1954, fasade mot nordaust.




Figur 12. Utsnitt av originalteikningane til Sætervegen 12D frå 1954, fasade mot sørvest.




Figur 13. Utsnitt av originalteikningane til Sætervegen 12D frå 1954, første etasje.



Figur 14. Utsnitt av originalteikningane til Sætervegen 12D frå 1954, andre etasje.



Figur 15. Utsnitt av originalteikningane til Sætervegen 12D frå 1954, kjellar.



Fasade mot syd-øst

Figur 16. Utsnitt av teikningane av Sætervegen 12D frå 1994 som viser fasaden mot sør aust etter karnappet der kom til.



Figur 17. Nordre del av plassenområdet, Hjortevegen.



Figur 18. Nordre del av plassenområdet, Hjortevegen.



Figur 19. Nordre del av plassenområdet, Hjortevegen.



Figur 20. Hjortevegen midt i planområdet. Hjortevegen 13A til venstre, Sætervegen 12D til høgre.



Figur 21. Hjortevegen midt i planområdet. Sætervegen 12B heilt til venstre i bildet.



Figur 22. Hjortevegen midt i planområdet. Garasjen til Hjortevegen 9 til venstre.



Figur 23. Hjortevegen midt i planområdet. Hjortevegen 9.



Figur 24. Søre delen av planområdet, Sætervegen 20 og 20A til venstre og Sætervegen 18B til høgre.



Figur 25. Sætervegen 12D sett fra Hjortevegen.



Figur 26. Sti fra Hjortevegen til Sætervegen. Sætervegen 12D til venstre, Sætervegen 12C i midten og garasje tilhørende Sætervegen 12B til høgre.



Figur 27. Sætervegen 12B til venstre, sett fra Sætervegen 12D.



Figur 28. Sætervegen 16 sett fra vestre hjørnet av planområdet.



Figur 29. Sætervegen 12D, garasje til venstre og fasade mot nordaust.



Figur 30. Sætervegen 12D, fasade mot nordaust.



Figur 31. Sætervegen 12D, fasade mot nordvest.



Figur 32. Sætervegen 12D, fasade mot nordvest og sørvest med terrasse.



Figur 33. Sætervegen 12D, fasade mot nordvest, detalj.



Figur 34. Sætervegen 12D, fasade og terrasse mot nordvest.



Figur 35. Sætervegen 12D, fasade mot sørvest.



Figur 36. Sætervegen 12D, terrasse med skjul, sørvest for huset.



Figur 37. Sætervegen 12D, fasade mot søraust.



Figur 38. Sætervegen 12D, trapp sørvest for huset.



Figur 39. Sætervegen 12D, opparbeida hagemark søraust for huset.



Figur 40. Sætervegen 12D, opparbeida hagemark søraust for huset.



Figur 41. Sætervegen 12D, opparbeida hagemark nordaust for huset.



Figur 42. Sætervegen 12D, brønn nordaust for huset.



Figur 43. Sætervegen 12D. innkørsel.



Figur 44. Sætervegen 12D, første etasje, støve.



Figur 45. Sætervegen 12D, første etasje, støve.



Figur 46. Sætervegen 12D, første etasje, støve. Originalt soverom.



Figur 47. Sætervegen 12D, første etasje, støve og kjøkken.



Figur 48. Sætervegen 12D, første etasje, kjøkken.




Figur 49. Sætervegen 12D, første etasje, kjøkken.




Figur 50. Sætervegen 12D, første etasje. Innebygd garderobe. Originalt inngang til soverom.



Figur 51. Sætervegen 12D, andre etasje. Trappeavgang.



Figur 52. Sætervegen 12D, trapp mellom første og andre etasje.



Figur 53. Sætervegen 12D, andre etasje, gang.




Figur 54. Sætervegen 12D, andre etasje, rom mot nordvest.



Figur 55. Sætervegen 12D, andre etasje, soverom mot søraust.

Figur 56. Sætervegen 12D, andre etasje, bad mot nordaust, opphaveleg kjøkken og wc.



Figur 57. Sætervegen 12D, andre etasje, soverom mot sørvest, opphaveleg stove.

Figur 58. Sætervegen 12D, kjellar, trapp til første etasje.




Figur 59. Sætervegen 12D, kjellar, tidlegare forgang, gang og hybel.




Figur 60. Sætervegen 12D, kjellar, tidlegare rullebod.



Figur 61. Sætervegen 12D, kjellar, buer.



Figur 62. Sætervegen 12D, kjellar, tidlegare vaskerom.




Figur 63. Sætervegen 12D, kjellar, tidlegare vaskerom.



Figur 64. Sætervegen 12D, sett fra nordaust, med garasje.



Figur 65. Sætervegen 12D, garasje.



Figur 66. Sætervegen 12D, garasje, innvendig.



Figur 67. Sætervegen 12D, garasjetak.




Figur 68. Sætervegen 12D, garasje sett frå sør.



Figur 69. Sætervegen 12D, garasje sett frå sør.

Kartet under viser en oversikt over hvor de aktuelle bildene i figurene 17-67 er tatt.

Bildene er ment til å gi en oversikt over området. Der det ikke har vært relevant eller mulig grunnet tettheten i området er det ikke lagt inn markører i kartet.



Bilder som ikke er markert i kartet er figurene 31-38 da dette er bygnings og hage detaljer samt figurene 44-63 da dette er interiør detaljer.

6. Avslutning

Tiltaka i reguleringsplanen Fana, gnr. 40, bnr. 354 mfl., Sætervegen vil føre til ei omvelting av det eksisterande kulturmiljøet på eigedommane gnr. 40, bnr. 354 og 1826. Alle nyare tids kulturminne som i dag står på desse eigedommane vil bli fjerna – altså vil bustadhuset med tilhøyrande garasje bli fjerna og hageanlegget bli endra. Likevel er planlagd fortettingsgrad, høgder og volum på dei nye tiltaka i planforslaget tilpassa strøkskarakteren i nabølaget, som i dag er dominert av bustadhus på inntil to etasjar med kjellar og loft. Gjennomføring av tiltaka vil føre til at det blir noko mindre hagemark og naturareal innanfor planområdet, men ikkje i ein slik grad at det dannar ein kontrast til busetnadsstrukturen rundt. Ei høgare utnytting slik det er planlagt vil ikkje svekke området si heilheit.

7. Litteratur og kjelder

Byantikvaren i Bergen. 2007. *Kulturminnegrunnlag Bybane Nesttun–Rådal*.

Johansen, Karl Egil. 1993. *Fanabu og bymann*. Bind 3 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Larsen, Jacob T. 2002. *Gards- og ættesoge*. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Bygesaksarkivet, Bergen kommune.

Kartarkivet, Nord- og Midhordaland jordskifterett.

Nettressursar:

bergenskart.no

bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon

digitalarkivet.no

marcus.uib.no

miljøstatus.no/kart

norgebilder.no

«Hjortevegen», bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon: <http://www.bergenbyarkiv.no/bergenbyleksikon/arkiv/1421471> [lesedato 13.06.2019]

«Nesttun-Osbanen», no.wikipedia.org : <https://no.wikipedia.org/wiki/Nesttun–Osbanen> [lesedato 13.06.2019]